



Gunn Mari Moberg held fram som leiar. Her er ho flankert av gruppeleiar Arne Havnerås og nyvald styremedlem Peder Sjo Slettebø.
(Foto: Kristian Hus)

Kvinnherad Høgre er i utgangspunktet opne for samarbeid med alle parti etter kommunevalet til hausten, og vil difor ikkje binda seg til noko spesiell gruppering på førehand.

Det seier Gunn Mari Moberg frå Uskedalen etter årsmøtet i går kveld, der ho vart attvalt som leiar. Ho vedgår likevel at samarbeidet med Frp er betre enn med partia som styrer i Kvinnherad i dag. Moberg kom inn som leiar i Kvinnherad Høgre etter turbulensen i partiet for fire år sidan. Måndag kveld fekk ho fornya tillit av årsmøtet og tar fatt på sitt femte år.

På spørsmål frå HusnesNett seier Moberg at Høgre ikkje vil binda seg til noko spesielt parti eller gruppering før kommunevalet i haust.

– Vi vil vera opne for samarbeid med kven det skulle vera, berre vi får gjennomslag for sakene partiet går til val på, seier ho. Høgre har i tidlegare tider samarbeidd godt både med Arbeidarpartiet og Senterpartiet, og vil ikkje utelukka at det kanskje igjen når kabalen skal leggjast til hausten.

Men Gunn Mari Moberg stikk likevel ikkje under ein stol at det har vore vanskelegare å samarbeida med Ap og Sp i denne perioden.

– Dei har liksom stengt oss ute og køyrer sitt eige løp, seier Høgre-leiaren. Personleg tykkjer ho samarbeidet med Framstegspartiet, og delvis KrF, har fungert langt betre enn med dei som sit med makta i Kvinnherad-politikken.

Om vi forstår Moberg rett, betyr likevel ikkje dette at Høgre føretrekkjer eit samarbeid med Frp framfor andre parti ineste kommunestyreperiode, sjølv om dei to partia ligg svært godt an på ulike meningsmålingar.

Høgre i Kvinnherad ser no ut til å vera på offensiven igjen når det gjeld talet på medlemmer. På årsmøtetidspunktet var det eksakte talet 107 personar. For eit par år sidan låg ein under nitti. På årsmøtet vart også Hans Martin Hjelmeland attvalt som kasserar og vart i tillegg nestleiar, medan Peder Sjo Slettebø kom inn i staden for Kjell Kjøka, som hadde fråsaugt seg attval. Jens Petter Sivertsen var ikkje på val i år.

Det var heller ikkje gruppeleiar i kommunestyret, Arne Havnerås, som er styremedlem i heile perioden.

Av Kristian Hus
HusnesNett